



Tysnes kommune

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Adm.enhet:

Forvaltningsseksjonen i region

Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 16/18280

Dykkar 16/911-9

referanse:

Dato: 16.01.2017

Tysnes kommune	
Saks.hands: Hana	Kopi til:
16 JAN 2017	
Saknr. 16/911-11	J.nr. 241/17
Arkivnr.	U.off: §



Dokid: 17000636 (16/911-11)

WWW.FISKERIDIREKTORATET.NO
FISKE- OG HAVBRUKSREGULERING OG TILDELING AV FISKERISKADEKORT

Uttale til Tysnes kommune Hordaland - Høyring - Planprogram for kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø

Vi viser til brev datert 21.12.2016 med oversending av planprogram for kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø.

Planprogrammet

Fiskeridirektoratet region Vest stiller seg positiv til planprogrammet. Det kjem tydeleg fram kva som er føremålet med planen, korleis planprosessen skal gjennomførast og opplegg for medverknad. Tema som skal fokuserast på er lista opp på ein oversiktleg måte i programmet.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Omsynet til dei marine ressursområda og arealbruk i planen

Dei naturgjevne tilhøva og marine ressursane langs kysten av Norge gjev oss eit unikt fortrinn for produksjon av sjømat. Både fiskeri- og havbruksnæringa er avhengig av at dei marine ressursane og at dei vert forvalta på ein måte som gjev grunnlag for å oppretthalde og auke produksjonen.

Under "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold" driv Havforskningsinstituttet, NIVA og NGU kartlegging og verdiklassifisering av spesielle

marine naturtypar og nøkkelområde for spesielle arter og bestandar i kystsona. Kartlegginga gjev god kunnskap om naturtypane og verdi av desse, og kan nyttast som grunnlag for forvaltninga av kystsona, her under kommunal arealplanlegging. Kartlegginga skjer iht. Direktoratet for naturforvaltning si handbok nr 19-2007 "Kartlegging av marint biologisk mangfold". Marine naturtypar og nøkkelområde vert delt inn i følgjande verdiklassar:

A: Svært viktig/nasjonalt viktig

B: Viktig/regionalt viktig

C: Lokalt viktig

Marint biologisk mangfalldata er tilgjengeleg i Naturbase under Miljødirektoratet, og gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet si heimeside.

- *Gyte- og oppvekstområde for kysttorsk*

Fiskeridirektoratet driv kartlegging av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfold, nytter Havforskningsinstituttet Fiskeridirektoratet sine data som grunnlag for kartlegging av gyteområde for kysttorsk. Kysttorsken er viktig for økosystema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen gjev framleis grunn til uro, ifølgje havforskarane. Data om registrerte gyteområde og områda som til no er kartlagt av Havforskningsinstituttet, finn ein i kartløyninga til Fiskeridirektoratet.

- *Ålegrasenger*

Ålegrasenger er botnhabitat og har stor verdi som leve- og beiteområde for ei rekkje artar, og er t.d. oppvekstområde for kysttorsk. Ålegraseng er blant dei utvalde naturtypane i nasjonal kartlegging av biologisk mangfold, og er eit av dei biologiske kvalitetselementa i Vassforskrifta. Samstundes er ålegraseng ein trua naturtype idet utbygging og tiltak i kystsona ofte kjem i konflikt med ålegrasområda.

Generelt ber vi om at arealbruken innanfor alle område kor det er registrert marine naturtypar, vert vurdert. Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område der det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade.

Arealbruk

Viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Ved utslepp til sjø vil område for låssetting kunne bli forringa på grunn av ureining. Område der

det blir brukt reiskap som blir ført langs botn, kan bli øydelagde av vass- eller utsleppsleidningar og omvendt.

Det er etablert ei rekke akvakulturanlegg i fjordområda. Dette er anlegg for produksjon av mat og det er ikkje ønskjeleg med større utslepp av kloakk like ved anlegga.

De finn kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

Medverknad frå næringsinteresser fiskeri og akvakultur

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. Desse sit med grunnleggande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å legge fram synspunkt og definere kva trong dei har for areal i dag og i framtida. Planprogram og alle høyringsframlegg som kjem i berøring med deira interesseområde skal sendast på høyring til fiskeri- og akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar.

Vi har ikkje ytterlegare merknadar til varsel om oppstart og ber om å få planen på høyring når den er klar til offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Tysnes kommune

Uggdalsvegen 301 5685 UGGDAL